

Smia

Tenester frå 1. januar 2020



Prosess

- Diskusjonsnotat (informasjon, drøfting i fellesnemnda)
- Forslag til høyring innan 27. mars
- Presentasjon for fellesnemnda 4. april
- Handsaming i fellesnemnda 7. mai

Intensjonsavtalen

Volda sentrum er kommunesenteret i den nye kommunen. Avtalen seier m.a. at: «*Kommunale administrative arbeidsplassar skal så langt det er praktisk mogleg fordelast etter folketal. For å få til dette vert områdeorganisering lagt til grunn som prinsipp*».

*Tenester med høg kvalitet
Kompetent, effektiv og attraktiv
kommuneorganisasjon – gode fagmiljø*

Tenester til innbyggjarane

Dette notatet konsentrerer seg om **kva tenester som skal vere tilgjengelege på Smia** som i dag er kommunehuset til Hornindal kommune.

Det er dette som er **det sentrale for innbyggjarane**.

Kven som skal jobbe kvar og korleis vi skal løyse plassutfordringane er noko administrasjonen må finne løysing på innanfor den nye kommunen sine eigne lokale i samarbeid med dei tilsette. Det kan også vere aktuelt med individuelle avtalar med enkelte tilsette ut frå særskilte omsyn.

Ein administrasjon – ikkje to rådhusmiljø

Eit viktig poeng med kommunesamanslåing er å **reducere sårbarheit og etablere gode faglege tenestemiljø**. Kommunen skal også utnytte ressursane godt og **drive effektivt**. Det vil vere vanskeleg å tenkje tenesteorganisering ut frå eit likefordelingsprinsipp for administrative arbeidsplassar. Dette vil ikkje vere praktisk mogleg utan at ein operer med to rådhusmiljø. Da vil ein ikkje få til det heilskaplege perspektivet der tenestene skal ytast til alle innbyggjarane i kommunen.

Kommunesamanslåing er kanskje den største endringa eit lokalsamfunn vil oppleve, og ein må som innbyggjar også vere budd på endring. Det overordna er at endringa skal overordna sikre at ein får gode tenester og at kommunen utnyttar ressursane på ein god måte.

Lokalt ynske om aktivitet

Ein bør samtidig ha forståing for at Hornindal som del av nye Volda har ynskje om at det er **aktivitet og arbeidsplassar** som kan vere på Smia. Her bør ein finne ei **balanse** mellom kva som er praktisk mogleg, som tener behovet til innbyggjarane, det heilskaplege tenesteperspektivet og samfunnsutvikling.

Besøk på Smia målt over 31 dager

NAV	Teknisk	Landbruk	Bibliotek	Frivilligsentral	Andre	Totalt
3	1,4	0,4	1,4	0,3	3,8	10,7

Gjennomsnittleg besøk pr dag

Forslag

Heildagsopen med mottaksfunksjon måndag, onsdag og fredag

Ein fast dag i veka og elles etter behov:

- Landbrukstenester/landbrukskontor
- Byggjesakshandsaming
- Kart/oppmåling
- Reguleringsplanlegging

Nav – avklarast i prosessen saman med Ørsta

Bibliotek og frivillegsentral held fram i sine lokale på Smia.

Evaluerer etter 2 år

Annan aktivitet

- Avlastingskontor
- Møterom

- Næringsliv?
- Smia Utvikling